

FRÅSEGN OM

«Forslag om endringer i forskrift 10. januar 1997 nr 16 til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdsforskriften.)

(NB: Nummereringa under her er lik med nummereringa i høyringsdokumentet)

3.1. Frå "kirkegård" til "gravplass"

Forslag i høyringsdokumentet:

Ordbruken i forskrifta er foreslått endra i tråd med den nye ordbruken i lova. Uttrykket "kirkegård" vert endra til "gravplass" i dei aktuelle paragrafane, likeeins vert "kirkegårdsplan" endra til "gravplassplan." *Eigennamnet* på gravplassar er ikkje eit lovregulert spørsmål, ein kan framleis bruke «kyrkjegard» som del av namnet på ein konkret gravplass.

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

3.2. Særskild tilrettelagte graver ved anlegg av gravplass

Forslag i høyringsdokumentet:

Departementet ser det som viktig at kommunane og fellesråda vurderer behovet for særskild tilrettelagte graver i arbeidet med nyanlegg og endringar av gravplass for å imøtekomme religiøse og livssynsmessige minoritetar sine behov. Departementet foreslår at det vert lagt til eit nytt punktum i gravferdsforskrifta § 2:

"Ved anlegg, utvidelse og vesentlig endring skal behovet for særskild tilrettelagte graver vurderes."

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

3.3. Bør det kunne dispenserast frå kravet om kiste ved gravlegging?

Forslag i høyringsdokumentet:

Etter gravferdsforskrifta § 28 er det krav om kiste ved all gravlegging og kremasjon. Departementet kan fråvike regelen, jf. forskrifta § 39.

I boka *Livsfaseriter som religions- og livssynspolitisk utfordring* (Ingvild Thorson Plesner m.fl.) går det fram at representantar for både sunni- og sjiamuslimar ønskjer oppheving av kistekravet, med referanse til England og Nederland der gravlegging utan kiste har blitt innvilga ved nokre gravplassar. Like fullt vert det understreka at dette ikkje er eit stort problem fordi muslimar ifølgje sharia skal følgje lovane i landet der ein bur.

Departementet meiner det ikkje vil vere forsvarlig å fjerne kravet om kiste ved gravlegging og kremasjon. Det er få som i praksis sett fram slikt ønskje. Men departementet meiner det kan vere aktuelt at *fellesrådet* får høve til å dispensere frå kistekravet med bakgrunn i den døde sin religion eller livssyn, jf. også fanebestemmelsen i gravferdslova § 1. Kyrkjeleg fellesråd bør i tilfelle kunne stille vilkår for dispensasjon, til dømes at dei pårørande sjølve fyller igjen grava.

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop er samde i at det skal vere eit normalkrav om bruk av kiste ved gravlegging og kremasjon. Vi meiner at det ikkje er aktuelt med dispensasjon frå dette kravet for medlemmer av Den norske kyrkja. Men sidan fellestråda har til oppgåve å leggje til rette for gravferd for alle menneske utan omsyn til tru og livssyn, meiner vi at det bør vere dispensasjonsadgang for andre som ut frå religiøs eller livssynsmessig grunngeving ønskjer det. Mynde til å gje slik dispensasjon bør liggje til fellestrådet.

3.4. Til stades under kremasjon

Forslag i høyringsdokumentet:

Gravferdsforskrifta § 32 seier at uten særskild løyve kan ikkje andre enn krematoriet sine tilsette vere til stades ved kremasjon. Det er i praksis svært få kremasjonar der spørsmål om pårørande kan vere der kjem opp. Dei fysiske og bygningsmessige føresetnadane varierer fra krematorium til krematorium. Departementet foreslår at pårørande kan få vere til stades under sjølve kremasjonen dersom det praktisk ligg til rette for det. Etter departementets si oppfatning er det ikkje grunn til å skilje mellom religiøse og ikkje-religiøse grunngevingar. Departementet foreslår slik ordlyd i § 32 tredje punktum:

”Der forholdene ligger til rette for det, bør de etterlatte gis anledning til å være til stede under selve kremasjonen.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

4.1. Anlegg mv. av gravplass

Forslag i høyringsdokumentet:

Departementet ser behov for å klargjere ansvarsfordelinga mellom kommune og fellestråd i planleggjingsprosessen for nye gravplassar. Departementet foreslår ei presisering om at det skal liggje ei plikt hos kommunen til å syte for at det blir regulert areal til gravplass.

Departementet foreslår at den noverande regelen i om støyskjerming vert justert, mellom anna slik at det vert vist til Miljøverndepartementet sine retningslinjer om støy i arealplanlegging. Tiltrådd støygrense for gravplass er fastsett til 45–50 dB. Departementet foreslår slik ordlyd i § 2:

”Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkelig areal til gravplass og skal selv regulere slikt areal etter kapittel 12 i lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven). Regulert areal til ny gravplass eller utvidelse av gravplass skal om mulig også omfatte en buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass skal skjermes mot støy i samsvar med gjeldende retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging. Bispedømmerådet skal som statlig fagmyndighet ha anledning til å uttale seg før kommunen gjør vedtak, jf. plan- og bygningsloven kapittel 11 og 12. Anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass skal skje i henhold til gravplassplan som vedtas av kirkelig fellestråd og godkjennes av bispedømmerådet, jf. gravferdsloven § 4 første ledd. Ved anlegg, utvidelse og vesentlig endring skal behovet for særskilt tilrettelagte graver vurderes. Helsefaglig myndighet i kommunen skal gis anledning til å uttale seg om gravplassplanen før vedtak fattes. Kirkelig fellestråd er ansvarlig for utarbeidelse av gravplassplan og gravkart og for igangsetting av arbeidet.”

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

4.2. Byggetillatelse og ferdigattest

Forslag i høyringsdokumentet:

Departementet foreslår at ordlyden i gravferdsforskrifta § 6 første ledd første punktum vert justert, slik at regelen også tydeleg gjeld for *vesentleg endring* av gravplassen, jf. og forskrifta § 2 andre ledd. Kva som vil vere å rekne som *vesentleg* endring er regulert av plan- og bygningslova og forskrifter til denne. Departementet foreslår slik ordlyd i § 6 første ledd første punktum:

”Ved anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass kreves byggetillatelse og ferdigattest etter plan- og bygningslovens bestemmelser.”

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

5. Inndeling av gravplass etter SOSI-standard

Forslag i høyringsdokumentet:

Statens kartverk har utarbeidd ein ny standard for fagområdet ”Gravplass” i landets samordna opplegg for stedfesta informasjon (SOSI). Den digitale modellen er landsdekkande, og gjer det mogleg å standardisere identifisering av alle gravplassar, gravfelt, graver mv.

Standarden er tenkt innført på alle nye gravplassar og ved utviding og vesentleg endring av eksisterande gravplassar. Standarden er meint som eit verkty for gravplasstyremaktene til å få ei sikker og effektiv drift. Departementet foreslår slik ordlyd i § 4:

”§ 4. Inndeling av gravplass. Gravkart

Gravplass inndeles i gravfelt. Hvert gravfelt inndeles i graver som er ordnet i rekker og kolonner. Graver kan være frittliggende innenfor gravfelt.

Ved anlegg, utvidelse eller vesentlig endring av gravplass skal gravplassen, hvert gravfelt og hver grav ha egen ID i henhold til standard fastsatt av Statens kartverk (SOSI). Gravene bør være stedfestet ved hjelp av koordinater og skal være forankret i marken med gravfeltfastmerker, som regel minst fire for hvert gravfelt. Graver skal kunne påvises entydig, enten direkte ved hjelp av koordinater eller ved utmål fra gravfeltfastmerkene. Det skal foreligge gravkart for hvert felt på gravplassen, som viser fastmerkene. Gravkartet skal også gi opplysninger om hvem som er gravlagt i vedkommende grav, eventuelt i form av en kode. Deler av gravplass som er fredet av eller i medhold av kulturminneloven, skal avmerkes på gravkartet.

Der SOSI-standardene ikke er innført, skal likevel hver gravplass, hvert gravfelt og hver grav ha sin egen ID. Ved bruk av analoge kart skal de foreligge i målestokk 1:100 og gravfeltfastmerkene skal være koordinatberegnet.”

Det foreslås at begrepet ”gravplan” endres til ”gravkart” også i §§ 2, 3, 5 og 19.

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

6. Universell utforming

Forslag i høyringsdokumentet:

Gravferdsforskrifta § 7 andre ledd første punktum lyder: ”Rullestolbrukere skal så langt det er mulig sikres lett adkomst til kirkegård.” Departementet vil foreslå at § 7 i gravferdsforskrifta vert tilpassa krava til universell utforming som følgjer av diskriminerings- og tilgjengelighetslova og plan- og bygningslova med forskrifter. Departementet foreslår følgjande ordlyd i § 7 annet ledd:

”Gravplassen skal tilrettelegges etter gjeldende regler for universell utforming.”

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

7.1. Stenging av deler av gravplass

Forslag i høyringsdokumentet:

Forskrifta § 5 andre ledd opner i dag for at kyrkjeleg fellesråd *mellombels* kan stengje heile eller delar av ein gravplass for gravlegging dersom omsynet til drifta av gravplassen gjer det naudsynt. Behovet for stenging kan kome av akutte naturhendingar, t.d. flom. Departementet meiner det kan oppstå behov for *permanent* stenging av heile eller delar av gravplass eller einskildgraver for kistegravlegging, og ønskjer at det får heimel i forskrifta. Stenging av heile eller delar av gravplassen bør skje ved endring av vedtektene som skal godkjennast av bispedømerådet.

Permanent stenging vil gripe inn i rettane til festarar av kistegrav, jf. gravferdsloven § 15. Stenging bør difor berre kunne skje når det er tungtvegande årsaker. Av omsyn til festarane bør ein om mogleg gje høve til å gjenfeste graven som urnegrav frå neste forfall.

Departementet foreslår følgjande ordlyd i § 5 andre ledd og nytt tredje og fjerde ledd:

”Dersom gravstørrelse, jorddybde eller grunnvannsstand ikke samsvarer med forskriftens krav, kan enkeltgrav, deler av en gravplass eller hele gravplassen stenges permanent for kistegravlegging. Berørte rettighetshavere skal så langt det er mulig varsles skriftlig i god tid og senest tre uker før permanent stenging for kistegravlegging iverksettes. Kirkelig fellesråd kan vedta stenging for enkeltgrav. Stenging av hele eller deler av gravplassen må fastsettes i vedtektene for gravplassen.

Kirkelig fellesråd kan stenge gravplassen eller deler av den midlertidig for all gravlegging ved ekstreme værforhold.

Bestemmelsen i § 11 første ledd gjelder tilsvarende ved permanent eller midlertidig stenging.”

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

7.2. Grunnvann og drenering mv.

Forslag i høyringsdokumentet:

For å sikre at alle tilhøve er nøye vurderte før det evt vert lagt drenering på ein eksisterande gravplass, vil departementet foreslå at det vert teke inn et nytt tredje ledd i § 8 om at det må vere krav om særskild godkjenning av bispedømerådet før drenering kan bli lagt på ein gravplass som er teken i bruk. Departementet foreslår følgjande ordlyd i § 8 nytt tredje ledd:

”På en gravplass som er tatt i bruk, kan det bare legges nye dremsledninger når bispedømmerådet har gitt sitt samtykke.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop ønsker ikkje meir byråkratisering av gravferdsforvaltninga enn naudsynt. Men sidan det her er tale om å ivareta omsyn til festarar og graver som dreneringa vil røre ved (meir enn tekniske løysingar) kan det vere at ein bør tilrå regelendringa.

7.3.1. Krav til jordoverdekking

Forslag i høyringsdokumentet:

Gravferdsforskrifta § 13 krev minst 1 meter jordoverdekking over kiste og minst 0,3 meter jorddybde under kistebotnen. Departementet vil foreslå at kravet til jordoverdekking vert endra frå 1 meter til 0,8 meter, og at det vert innført eit minstekrav til mengde jord *på sida* av kista. Ein viser til fagmiljøet ved Universitetet for miljø- og biovitenskap som uttaler at dersom jordkvaliteten er god og risiko for utvasking av jord på overflata er liten, vil 0,8 m overdekkingsjord vere nok. Ved dette vil ein kunne ta i bruk areal som i dag er utelukka på grunn av for liten dybde til fjell eller for høgt grunnvatn. Kostnadane ved nyanlegg vil bli reduserte. Mindre jordoverdekking vil i tillegg auke oksygentilførsel til sona der kista ligg, det gjev kortare oppløysningstid. Departementet foreslår følgjande ordlyd i § 13 andre og tredje ledd:

”Kiste skal plasseres slik at den har minst 0,8 meter jordoverdekning og minst 0,3 meter jord under kistebunnen og på alle sider. Når særlege forhold tilsier det, kan kirkelig fellesråd fravike bestemmelsene i annet ledd. Kiste kan likevel ikke gis mindre enn 0,8 meter jordoverdekning. Dersom forholdene tilsier det, skal fellesrådet treffe bestemmelse om større jordoverdekning enn 0,8 meter.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

7.3.2. Kistegrav - unntak frå kravet om mål:

Forslag i høyringsdokumentet:

Kistegrav skal vere minst 3 meter lang og 1,5 meter brei, jf. forskrifta § 13 fyrste ledd. Det betyr at alle graver er «vaksengraver.» Departementet har dei siste åra etter søknad gjeve dispensasjon frå målkravet i § 13 for grav på muslimske gravfelt på gravplassar i Oslo og Bærum kommune. Dette alternativet utelukker seinere bruk av graven til vaksengrav. Etter dette vert det gjort framlegg om eit nytt fjerde ledd i § 13 som gjev bispedømmerådet mynde til å fråvike regelen i første ledd dersom særlege tilhøve ligg føre. Departementet foreslår slik ordlyd § 13 fjerde ledd:

”Når særlege forhold tilsier det, kan det i vedtektene fastsettes særskilte bestemmelser som fraviker kravene i første ledd.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

8. Frist for gravlegging

Forslag i høyringsdokumentet:

Fristen for gravlegging og kremasjon i gravferdslova §§ 10 og 12 er frå 01.01.2012 endra frå 8 dagar til 10 virkedagar. Det har vore ulike synspunkt på om laurdag er ein "virkedag". Departementet har til no lagt til grunn at laurdag vert rekna som virkedag berre dersom den aktuelle gravplassen driv verksemd denne dagen. Departementet bed om synspunkt på saka. Bør ein få ein mest mogleg felles praksis i hele landet?

Uttale:

Det er utan tvil ein stor fordel at det er lik forståing over heile landet om korleis ein reknar dagane fram til fristen for gravlegging. Det er svært få stader at det er gravferdsaktivitet på laurdagar. Det mest rimelege er då at laurdagen *ikkje* vert rekna med til virkedagane. Det kan evt forlengje perioden, men det er ikkje slik at gravferda må vere på den siste moglege dagen.

Forslag i høyringsdokumentet:

Fellesrådet sitt vedtak om tidspunkt for gravlegging har i praksis ikkje vore gjenstand for klage, då avgjerda skal skje raskt. Fellesrådet må ha mynde til å ta endelig avgjerd om tidspunkt for gravlegging. Departementet ønsker å gjere dette tydeleg ved å føye til:

"Fellesrådets vedtak kan ikke påklages".

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

Forslag i høyringsdokumentet:

Det bør som hovudregel vere representant for gravplassen til stades på gravplassen under kistegravlegging. Departementet ønskjer at det vert lagt til rette for fleksible løysingar, t.d at muslimske pårørande etter ønskje kan få fylle igjen grava sjølve. For å ivareta sikring mv bør hovudregelen vere at gravplassrepresentant er til stades. Departementet foreslår å føye til eit nytt punktum til § 12 andre ledd som skal lyde:

"En representant for gravplassen skal som hovedregel være tilstede under kistegravlegging".

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop meiner det er viktig at ein representant for gravplassen *alltid* er til stades under gravlegging, både for å ivareta gravplassmyndigheten sine interesser og for evt. å kunne vere disponibel for dei pårørande. Vi meiner difor formuleringa må vere: *"En representant for gravplassen skal være tilstede under kistegravlegging".*

Forslag i høyringsdokumentet:

Departementet har registrert at det med ujamne mellomrom kjem spørsmål om å gravleggje kjæledyr saman med avdøde. Forskrifta har ingen regulering av dette spørsmålet. Det er ei allmenn oppfatning om at ein berre gravleggjer lik etter menneskje på ein gravplass. Departementet foreslår å tilføye et nytt fjerde ledd til § 12 som skal lyde:

"På gravplass kan bare levninger etter mennesker gravlegges".

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

9. Anonym og navna minnelund

Forslag i høyringsdokumentet:

Dei seinare åra er det fleire stader blitt tilbod om ei ny form for gravlegging, kjent som gravlegging i "navna minnelund." Dette er gravfelt for urner med graver av storleik 0,5 x 0,5 meter med plass for ei urne, eller grav med storleik 3 x 1,5 meter med plass for ei kiste. Graven har ikkje gravminne. Namn og data vert plasserte på eit minnesmerke ved sida av gravfeltet. Ved dette minnesmerket vil pårørande kunne leggje blomar og tenne lys.

Etablering og drift av navna minnelund er ikkje direkte regulert i forskrifta. Det har likevel på få år utvikla seg ein praksis med grunnlag i dispensasjonar. Det har blitt ein god del gravfelt av denne typen. Ved å regulere navna minnelund i forskrifta vil departementet bringe regelverket meir i samsvar med praksis, og bidra til meir lik praksis. Det skal og vere høve til å gravleggje anonymt i minnelund.

Departementet vil foreslå at fredningstid på grav i navna minnelund, under dette også at det er mogleg å feste grav, kan regulerast i vedtektene til gravplassen.

Monumentet som skal stå ved minnelunden, vil måtte reknast som eit minnesmerke som bispedømerådet skal godkjenne, jf. forskrifta § 20 annet ledd. På minnesmerke ved navna minnelund sett ein opp navn og data på alle gravlagde. Det kan ikkje settast individuelt gravminne på minnelund. Personar som er omkomne på havet, i krig eller liknande og som ikkje er gravlagde på gravplass, kan få navnet sett på eit minnesmerke ved navna minnelund der det er etablert.

På grunn av at minnelunda har like mange plassar på minnesmerket som det er graver i gravfeltet som høyrer til, samt ulik praktisering av fredningstid og festeordning, finn ikkje departementet å kunne opne for «symbolsk flytting» frå det opphavslege gravminnet til navna minnelund.

Departementet vil foreslå at navna og anonym minnelund vert regulert i ein ny § 15a i forskrifta:

”§ 15a Anonym og navnet minnelund

Med minnelund forstås gravfelt på gravplass uten adgang til gravminne knyttet til den enkelte grav. §§13 første ledd og 15 annet og tredje ledd gjelder tilsvarende for grav i anonym og navnet minnelund.

Gravens plassering på anonym minnelund er bare kjent for gravplassmyndighetene.

Plassering av grav på navnet minnelund kan gjøres kjent. Anonym og navnet minnelund skal plasseres i atskilte gravfelt.

Ved anonym minnelund kan det plasseres minnesmerke. Ved navnet minnelund skal det plasseres minnesmerke med navn og data på de gravlagte.

Grav på anonym minnelund har ingen ansvarlig. På navnet minnelund kan grav festes etter fredningstidens utløp. Nærmere regler og vilkår gis i gravplassens vedtekter.”

Som følge forslaget om en ny bestemmelse om minnelund, vil departementet foreslå at det i forskriften § 21 gjøres følgende endring:

”Personer som er omkommet på havet, i krig eller liknende og som ikke er gravlagt på gravplass, kan likevel få navnet satt på eksisterende eller nytt gravminne eller på minnesmerke ved navnet minnelund hvor dette er anlagt.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

10.1. Dimensjoner på gravminner

Forslag i høyringsdokumentet:

Dimensjoner på gravminner er regulert i forskrifta § 23. Dimensjonsreglane skal ivareta omsyn til sikring og forsvarleg forvaltning av gravplassen. I særskilde tilfelle kan bispedømmerådet dispensere frå forskrifta i einskildsaker. Departementet foreslår å leggje myndet til å fravike forskrifta til kyrkjeleg fellestråd. Bispedømmerådet vil som klageinstans kunne syte for ein einsartet praksis.

Plan for gravplass kan ved anlegg eller utviding ha særskilde reglar for gravminner, jf. gravferdsforskrifta § 3. Departementet gjer framlegg om ein klårare heimel for å gje unntak frå dimensjonsgrensene i forskrifta. Slike reglar må bli fastsette i vedtektene for gravplassen. Dei skal godkjennast av bispedømmerådet, det vil kunne sikre lik praksis. Departementet foreslår følgjande ordlyd i § 23 tredje og nytt fjerde ledd:

”Ved anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass kan det fastsettes særskilte bestemmelser for gravminner i vedtektene for gravplassen. Når særlige grunner tilsier det, kan kirkelig fellestråd i enkeltsaker fravike bestemmelsene i denne paragraf.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

10.2. Fundament

Forslag i høyringsdokumentet:

Ståande gravminne i stein skal sikrast med eit fundament i stein. Det er spesifikke krav til form og storleik på fundament, men ingen regel om fundamentbreidde. Dette har ført til en del usikkerheit og varierende praksis. Departementet tek tak i dette og foreslår følgjande ordlyd i § 24 annet ledd:

”Fundament skal ha en form og en størrelse som forhindrer at gravminnet kan veltes og skal i bunnen ha en anleggsflate som er dobbelt så bred som gravminnets tykkelse. Fundamentet kan være opptil 10 cm lengre enn gravminnets bredde. Gravminne som er mer enn 60 cm høyt skal ha en fundamentdybde som utgjør minst 20 % av gravminnets høyde over bakken. Fundament skal ikke være synlig over bakken. Der hvor grunnforholdene tilsier det, skal det stilles krav om pukketting i samme bredde som fundamentet.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

Forslag i høyringsdokumentet:

Det vil også kunne være behov for å ha generelle reglar for heile eller delar av gravplassen. Det må bli fastsett i gravplassvedtektene. Departementet foreslår å presisere dette og foreslår følgjande ordlyd i § 24 tredje ledd og nytt fjerde ledd:

”Ved anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass kan det fastsettes særskilte bestemmelser for sikring av gravminner i vedtektene for gravplassen. Når særlige grunner tilsier det, kan kirkelig fellesråd i enkeltsaker skjerpe eller lempe kravene etter denne paragrafen.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

10.3. Godkjenningsordning

Forslag i høyringsdokumentet:

Kirkelig fellesråd skal godkjenne gravminne og fundament før det vert sett opp på gravplassen, og det skal monterast på tilvist plass. Etter departementet si oppfatning kan det vere hensiktsmessig å innføre ein sentral regel som skal gjere det enklare for steinleverandørane å vite kvar gravminnet skal stå. Difor foreslår departementet at forskrifta etablerer ei ny og felles ordning. Departementet foreslår følgjande ordlyd i § 25 nytt annet ledd:

”Gravminnet skal plasseres på anvist plass ved merkepinne plassert i fundamentets bakre senter.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

10.4. Plantefelt

Forslag i høyringsdokumentet:

Plantefelt på gravstad og innramming av dette er i dag ikkje regulert i forskrifta, men er nokre stader regulert i vedtektene. Dersom lokale gravplassvedtekter tillet det, kan plantefeltet bli ramma inn av ein delt steinkant, eller ei steinplate med plantehol (bedplate) kan bli lagt framfor gravminnet. Departementet meiner at det bør leggjast vekt på lokale tradisjonar. Mykje bruk av bedplate vil kunne gje klare ulemper for drifta av gravplassen. På bakgrunn av dette finn ikkje departementet å foreslå ein regel i forskrifta om plantefelt og innramming av plantefelt.

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop har ikkje merknader.

11.1. Fjerning av implantater før kremasjon

Forslag i høyringsdokumentet:

Forskrifta § 33 fyrste ledd fyrste punktum lyder: ”Før kremasjon finner sted, skal hjertestimulator (pacemaker) og tilsvarende implantat være operert ut av kroppen”. Bakgrunnen for regelen er omsynet til dei krematorietilsette sin tryggleik og omsyn til utstyret. Det har vore peika på at fjerning av implantat før kremasjon i praksis ofte vert utført av representantar fra gravferdsbyråa der dødsfallet skjer utanfor institusjon. Departementet meiner at det av helsemessige og yrkesetiske årsaker må vere eit ansvar for helsetenesta å fjerne implantat før kremasjon. Det er ikkje naturleg å regulere eit slikt ansvar i gravferdsforskrifta. Det sokalla *Transplantasjonsutvalget*, som har vurdert verksemdar som i dag er regulert av transplantasjonslova – m.a. transplantasjons- og obduksjonsverksemd – foreslår i sin utgreiing at fjerning av implantat før kremasjon skal utføres av helsepersonell, og at dette ansvaret vert regulert i forslag til ny lov om obduksjon og anna handsaming av lik.

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop meiner klart at fjerning av implantat o.l. berre må bli utført av helsepersonell. Vi har elles ikkje merknader.

11.2. Krav til kiste

Forslag i høyringsdokumentet:

Forskrifta § 29 føreskriv dei generelle krava til kiste. Kremasjon kan etter gjeldande reglar berre skje dersom kiste med innhald fyller krava som er gjevne. Departementet vil foreslå at maksimum breidd for kiste i § 29 annet ledd vert endra for å vere tilpassa krematorieomnane. I stor grad har kister i dag ei breidd som er tilpassa dette.

Departementet ønskjer å bringe paragrafen i samsvar med praksis og foreslår at maks breidd for kiste i § 29 andre ledd vert sett til 78 cm. I tillegg må det vere høve for krematoriet til å fråvike forskrifta sine dimensjonskrav til kiste, til dømes i dei tilfelle kistene må vere større enn maks breidd og krematoriet faktisk kan brenne større kister. Det er ein føresetnad at kista kan bli brend på sikker måte, og krematoriet vurderer om kistene fyller krava til tryggleik. Departementet vil etter dette foreslå at eit nytt femte ledd i § 29:

”Når hensynet til sikkerhet ved krematoriet eller andre særlige grunner tilsier det, kan krematoriet fråvike dimensjonskravene i annet ledd eller stille krav til kiste utover det som fremgår av bestemmelsen.”

Departementet foreslår slik ordlyd i § 29 andre ledd andre punktum:

”Den skal ikke være lengre enn 230 cm, bredere enn 78 cm og høyere enn 60 cm inkludert håndtak og føtter.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

Forslag i høyringsdokumentet:

Dersom kremasjon vert avvist fordi kista ikkje fyller krematoriet sine krav, er gravlegging alternativet. Kyrkjeleg fellestråd kan tillate at kiste som ikkje kan kremerast vert gravlagd. Regelen om 1,7 meter jordoverdekking vert foreslått redusert til 1,5 meter som følgje av at normal jordoverdekking av kiste også vert redusert. Noverande ordlyd i andre ledd er retta mot gravlegging av sinkkister som ikkje kan kremerast, og som heller ikke går i oppløysning på vanleg måte. For å tilpasse regelen for andre tilfeller av kistegravlegging vert det gjort framlegg om at fellestrådet kan gje 1,5 meter jordoverdekking eller gje grava uendeleg fredning. Departementet foreslår slik ordlyd i § 30:

”Dersom avdøde er lagt i en kiste som ikke kan kremeres, skal den som sørger for gravferden gis anledning til å legge avdøde i en annen kiste som fyller kravene, før kremasjon finner sted. Kirkelig fellestråd kan gi tillatelse til at kiste som ikke kan kremeres gravlegges. I tilfelle skal kisten om nødvendig gis 1,5 meter jordoverdekning eller graven belegges med uendelig fredning. Kirkelig fellestråd kan sette vilkår for tillatelsen.”

Uttale:

Møre bispedømmeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

11.3. Krav til askeurne

Forslag i høyringsdokumentet:

For å sikre at urnene vert brotne ned innanfor fredingstida, foreslår departementet at det vert lagt inn krav om at urnene må vere laga av organisk materiale. Departementet foreslår slik ordlyd i § 31 fyrste ledd:

”Askeurne skal være forarbeidet av organisk materiale og være nedbrytbar i jord innen den fredningstid som gjelder for gravplassen, og urnen skal være av slik kvalitet at den tåler vanlig håndtering og forsendelse i posten.”

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget.

11.4. Gjenvinning av metallrester etter kremasjon

Forslag i høyringsdokumentet:

Forskrifta § 33 andre ledd andre punktum er slik: ”Proteser og liknende som er operert inn i kroppen og som ikke brenner opp, skal skilles fra asken og graves ned under en grav på kirkegården eller gis tilsvarende forsvarlig behandling”.

Det har utviklet seg ein praksis med gjenvinning av metallrestar etter kremasjon, og departementet vurderer å opne eksplisitt for dette. Departementet er ikkje kjent med at det er reist etiske innvendingar ved slike ordningar. Gjenvinning er mellom anna eit miljømessig betre alternativ enn nedgraving. I Norge vert det kremert ca. 15 000 kvart år, noko som vil gje ca. 5 tonn metall. Det er bruk for klare rutiner og retningslinjer ved det einskilde krematorium for handtering av metallrestar, og det bør vere krav til dei som har ansvar for gjenvinninga.

Departementet vil foreslå at § 33 første ledd andre punktum skal lyde:

”Proteser og liknende som er operert inn i kroppen og som ikke brenner opp, skal gjenvinnes på en måte som kirkelig fellestråd finner forsvarlig, eller skilles fra asken og graves ned under en grav på gravplassen.

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop sluttar seg til forslaget, men bed om at det vert presisert at regelen gjeld det fellestrådet som har ansvar for krematoriet.

11. Myndigheten til å fravike forskriften

Forslag i høyringsdokumentet:

Forskrifta § 39 seier at ein i vedtekter for gravplass ikkje kan fravike paragrafane i forskrifta med mindre den einskilde paragrafen opnar for det. Departementet kan fravike dei andre paragrafane i forskrifta.

Departementet ønskjer å gjere tydelegare tilhøvet mellom kyrkjeleg fellestråd sitt mynde til å fravike forskrifta i einskildsaker og bispedømerådets sitt mynde til å fravike forskrifta ved å godkjenne vedtekter for gravplass.

Kyrkjeleg fellestråd har mynde til å fravike forskrifta i einskildsaker der det er fastsett i den einskilde paragrafen at det kan skje. Fellestrådet sitt vedtak i einskildsaker er å rekne som einskildvedtak etter forvaltningslova. Bispedømmerådet er klageinstans «der hvor ikke klageadgangen er unntatt.» Departementet *utvider* i dette høyringsnotatet fellestrådet sitt

mynde til å fråvike forskrifta i einskildsaker, jf forslag til §§ 5 andre ledd fyrste punktum og 23 fjerde ledd.

I andre tilfelle enn einskildsaker kan ein gjere unntak frå forskrifta sine reglar gjennom generelle reglar i vedtektene for gravplassen. Det går fram av dei aktuelle paragrafane i forskrifta når det evt kan bli gjort, jf. § 39. Vedtekter for gravplassen er å rekne som *forskrift* etter forvaltningslova. Kyrkjeleg fellesråd fastset vedtektene for gravplassar. Vedtektene skal godkjennast av bispedømerådet, jf. gravferdslova § 21. Av forskrifta går det fram at bispedømerådet gjennom vedtektsgodkjenning kan fråvike §§ 5, 13, 14, 23 og 24. Øvrige reglar kan departementet gjere unntak frå, jf. § 39 andre punktum.

Uttale:

Møre bispedømeråd og Møre biskop har ikkje merknader.
